

# REFERAT FAU-MØTE 21.05.2026

Tilstades: *Aile Sahr Hidle, Elisabeth Haugen, Ida Sjøvangen Steinsland, Kari F. Folgerø, Karl Petter Økland, Liv Tori Selle, Silje Seth Hildrestrand, Tom Larsen og Turid Meanger*

## 1. Datoar for foreldremøter i oppstart og møter med «ungdomskontaktane» er sette.

## 2. Oppstartsmøte foreldremøte 8 klasse

### a. Forslag til vedtak:

- i. 1-2 frå FAU komite skal møte opp og forklare rollene til natteravn, klassekontakt og FAU-representant på oppstartsmøte 8 klasse.

Vedtatt einstemmig.

## 3. Lage oversikt over ulike oppgåver for foreldra hausten 2026

### a. Det vert beslutta på sist FAU-møte at FAU skal lage oversikt over dei ulike rollene foreldene har;

Oppgåver for FAU-medlem  
Aktivitatar på dei ulike årstrinna  
Natteravnordninga

### b. Oppgåver for klassekontaktar

Det er forslag om at «vara-rollene som klassekontaktar» blir fjerna frå hausten 2026 og erstatta med «Natteravn».

### i. Forslag vedtak:

1. 2 natteravnar per klasse per år
2. 3 klassekontaktar per år
3. 1 FAU-representant kvart år per klasse

Vedtatt einstemmig.

## 4. Støtter FAU roser til elevane i 10. trinn og buketter til tilsette?

Vedtak: FAU vedtar å dekke roser til 10. trinn og buketter til tilsette og i år.

## 5. Sikringskurs for lærarar og kostnad til dette

Vedtak: FAU vil støtte kostnaden dersom nokon av lærarane som ynskjer å delta på kurs. Det koster ca 1100,- per person for kun trampett og ein dag kurs.

## 6. Rapport frå gruppene

### Økonomi:

- Treng nytt medlem frå hausten.
- Har no fått organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret og Frivilligregisteret.
- Det er derfor klart til å søke om midlar

### Kontakt- og kommunikasjonskomité

- Har hatt eit møte
- Naturleg at FAU-leiar er med i denne komiteen
- Førebur informasjon til oppstartsmøta til hausten

### Prosjektkomite

- Rektor har snakka med teknisk og avklart at ein ikkje treng byggeløyve dersom det er snakka om å sette opp eit enklare bygg.
- Trenger to-tre nye medlem i denne gruppa frå hausten.

### Arrangement-komité

- Har ikkje hatt arrangement til no.
- Trenger 1-2 nye medlem frå hausten av.
- Vil organisere elevkveld for hausten 2026.
- Skal jobbe med årshjul for arrangement i haust
- Skriv om lista Elisabeth sendte over oppgåver på ungdomsskulen

Neste møte: 03. september klokka 18.00 på BUS